

Europaparlamentet drøftar framtidig mandatfordeling, systemet med toppkandidatar og eit framlegg om pan-europeiske lister

7. februar 2018

- *Parlamentet ynskjer å fordele 27 av 73 britiske seter til andre EU-land etter brexit. Eventuell endring i mandatfordeling må vedtakast samrøystes av EUs stats- og regjeringsjefar.*
- *Parlamentet vil vidareføre ordninga med europeiske toppkandidatar og vil ikkje godta ein kommisjonspresident i 2019 som ikkje har vore toppkandidat. Det meiner kommissærar bør kunne få permisjon for å drive valkamp.*
- *Parlamentet sa nei til pan-europeiske vallister.*
- *Polske Ryszard Czarnecki mista visepresidentposten etter nazi-relatert karakteristikk av ein annan polsk MEP*

Europaparlamentet vedtok i dag to resolusjonar som begge knyter seg til det europeiske valet i 2019. Den som har fått mest merksemd gjeld framtida til dei 73 setene som blir ledige når Storbritannia går ut av EU i 2019. Den andre gjeld revisjon av retningslinjer for medlemmer av kommisjonen, spesielt om dei skal kunne ha permisjon for å drive valkamp.

Når Storbritannia går ut av EU i 2019, blir det 73 ledige seter i Europaparlamentet. Medan EUs traktat set ei øvre grense på 751 medlemmer (MEP), gjev den ikkje detaljerte reglar for fordelinga. I dag gjekk Europaparlamentet inn for at 27 av dei 73 setene bør fordelast mellom i alt 14 av dei 27 resterande EU-landa. Dei siste 46 setene bør bli ståande tomme fram til eventuell utviding av EU. Dersom fordelinga som vart vedteke i dag blir ståande, får både Danmark, Finland og Sverige ein MEP meir frå 2019. Dei to landa som får flest nye er Frankrike og Spania med 5 fleire kvar. Tyskland som i dag har 96 MEP får ikkje fleire med dette framlegget og ingen land taper seter. Etter vedtaket i dag går spørsmålet til EUs stats- og regjeringsjefar som vil ha ei drøfting på toppmøtet i slutten av februar. Dei må samrøystes vedta ei ny fordeling som Europaparlamentet deretter skal gje samtykke til dette Europaparlamentet kan ikkje endre fordelinga frå toppmøtet, berre godt eller avise den. Det er venta at EU-valet vil finne stad 23. – 26. mai 2019, altså to månader etter at brexit i utgangspunktet skal skje. Vedtaket i dag tek likevel høgde for at brexit kan bli forsinka. I så fall vil status quo for mandatfordeling gjelde heilt til Storbritannia formelt er ute av EU.

Saksordførane frå konstitusjonskomiteen, Danuta Hübner (sentrum-høgregruppa (EPP), Polen) og Pedro Silva Pereira (sentrum-venstregrupa (S&D), Portugal), la begge vekt på framlegget vil sikre ei meir balansert og rettferdig mandatfordeling. Samstundes er det fornuftig å la 46 seter stå tomme – både av omsyn til framtidig utviding og for å spare ressursar på kort sikt. I debatten i dag var det stort sett semje om fordelinga, jamvel om nokre tok til orde for å la alle dei britiske setene stå tomme.

Innstillinga frå konstitusjonskomiteen tok også til orde for 27 pan-europeiske MEP. Ideen var at alle EU-veljar skal kunne gje to røyster. I tillegg til å røyste på eit liste frå eit nasjonalt parti, skal veljarane kunne røyste på pan-europeiske lister. Dette framlegget var langt meir omstridt, og det var ulike syn på dette også internt i dei ulike gruppene. Ikkje minst var det mange i EPP og høgregruppa ECR som var i mot framlegget. Blant anna hadde svenske EPP-representantar engasjert seg for at EPP skulle røyste mot framlegget. Dei som støtta framlegget i debatten meinte slike pan-europeiske lister ville sikre eit meir demokratisk Europa og større merksemd om europeiske saker. Moststandarane meinte slik kandidatar ville svekke demokratiet fordi dei ville resultere i parlamentarikarar utan ein klar valkrins og

at det ville auke avstanden til veljarane. Dei to sidene var også usamde om slike pan-europeiske lister ville vere til gagn eller ikkje for små land. Tilhengjarane minna om at det i dag er dei største landa som er underrepresentert i talet på delegatar. I avrøystinga vart framlegget avvist. Eventuelle innføring av pan-europeiske lister vil kreyje eit samrøystes vedtak av medlemslanda i Rådet om å endre den europeiske vallova. Sjå også denne [oppsummeringa frå Europaparlamentet](#) om framlegga det vart røysta over i dag.

Vidare vedtok [Europaparlamentet i dag ein resolusjon](#) om retningslinjene for kommissærar. Resolusjonen kommenterte også spørsmålet om toppkandidatar (spitzenkandidatar) til rolla som kommisjonspresident. I 2014 hadde alle dei store politiske gruppene ein toppkandidat ved valet til Europaparlamentet. Mange av medlemslanda har vore kritiske til systemet, men Europaparlamentet meiner dette var vellykka og bør vidareførast. Parlamentet sa i dag det ikkje vil godta ein kommisjonspresident som ikkje har vore europeisk toppkandidat. Parlamentet gjekk også inn for at sittande kommissærar skal kunne få permisjon for å drive valkamp. Kommisjonen må likevel informere Parlamentet om tiltak som blir gjennomført for å hindre uheldig rolleblanding hos kommissærane.

[Parlamentet vedtok](#) i dag også å avslutte visepresidentperioden til polske Ryszard Czarnecki frå høggregruppa (ECR). Både EPP og ECR hadde bedt om hemmeleg avrøysting. Det er krav om at to tredels fleirtall for dette, og det var 447 som stemte for og 196 mot (30 avsto). Bakgrunnen for vedtaket var at Czarnecki hadde referert til ein polsk MEP-kollega, Róża Thun, med eit nazi-relatert polsk skjellsord. Det er venta at ECR vil nominere ein annan polsk MEP (visstnok Zdzisław Krasnodębski) som ny visepresident. Det er totalt 14 visepresidentar i Europaparlamentet.

Kommentar

Sjølv om det var nokså brei semje om framlegget til ny mandatfordeling, står det att å sjå kva EUs stats- og regjeringsjefar blir samde. Rådsresident Donald Tusk har tidlegare teke til orde for å la alle seta stå mellom anna av økonomiske omsyn. Det svært ulike oppfatningar i Europaparlamentet i spørsmålet om pan-europeiske lister, toppkandidatar og om spørsmålet om kommissærar bør få permisjon for å stille til val. Både tilhengjarar og motstandarar brukte argument om demokrati og direkte ansvar overfor veljarar. Dette speglar ulike nasjonale politisk tradisjonar og erfaringar og også ulike syn på europeisk integrasjon. Europaparlamentet vil nok gje opp ordninga med toppkandidatar utan kamp, og det er neppe heller siste gong nokon tek til orde for pan-europeiske lister.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no